



# Intensjonsavtale for Jæren kommune

Hå, Klepp og Time



## Innhald

1. Bakgrunn .....	3
2. Mål for Jæren kommune .....	4
Styrka jordvern og landbruk .....	4
Betre planlegging og utnytting av areal .....	4
Framoverlent og framtidsetta .....	4
Gode og tilgjengelege tenester .....	4
Sunn økonomi og ressursutnytting .....	5
Gode vilkår for kulturen og dei frivillige .....	5
Ein attraktiv arbeidsgjevar .....	5
3. Namn, målform og kommunevåpen .....	6
4. Politisk styring .....	7
Utval for helse og velferd .....	7
Utval for kultur og oppvekst .....	7
Utval for næring og samfunnsutvikling .....	7
Andre råd og utval .....	7
Lokaldemokrati .....	8
5. Samfunnsutvikling .....	9
Areal og utbygging .....	9
Senterstruktur .....	9
Transport og kommunikasjon .....	10
Næringsutvikling .....	10
Samfunnstryggleik, klima og miljø .....	10
6. Økonomi .....	11
7. Tenester .....	12
Barnehagar .....	12
Skular .....	12
Helse og omsorg .....	12
Kultur .....	13
Kulturskule .....	13
Idrett og frivillige organisasjonar .....	13
NAV .....	13
Bibliotek .....	14
Kyrkja .....	14
Servicetorg .....	14
Tekniske tenester .....	14
Bygg- og eigedomsforvaltning .....	14
Spesialiserte funksjonar og tenester .....	14
8. Jæren kommune som arbeidsgjevar .....	15
9. Særskilte tema .....	16
Interkommunalt samarbeid .....	16
Lyse AS, Klepp Energi AS og Jæren E-verk KF .....	16
Brannvesen .....	16
Legevakt og øyeblikkeleg hjelp .....	16
Barnevernsvakt .....	17
Revisjon .....	17
10. Samanslåingsprosessen .....	18

# 1. Bakgrunn

---

Regjeringa sine mål for ny kommunestruktur er:

1. Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.
2. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar.
4. Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

Kommunane skal sjølv vurdere sin eigen situasjon med bakgrunn i desse måla, og saman med nabokommunar sjå på om det finst gode grunnar for samanslåing.

Hå, Klepp og Time greidde ut ny kommunestruktur i 2015 i samarbeid med Gjesdal, Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger. Gjennom det felles utgreiingsarbeidet har me sett på fordelar og ulemper ved ulike alternativ for kommunesamanslåing. Desse går fram i rapporten Ny kommunestruktur som har vore lagt fram i alle dei åtte kommunestyra.

Jæren kommune vil med om lag 60 000 innbyggjarar vera ein middels stor kommune. I følge rapporten vil evnen til å planleggja og utvikla samanhengande geografiske område verta styrka. Nærdemokratiet kan svekkast noko, men det lokale sjølvstyret kan styrkast ved at kommunen vert ein sterkare aktør ovanfor overordna styresmakter. Kapasitet og kompetanse vil styrkast i ein middels stor kommune, men ein må sikra geografisk spreing av tenestene. Samanslåing kan gi ein økonomisk effekt på sikt, men ei utfordring kan vera større avstand til dei som tek avgjerdene.

Styringsgruppa har i arbeidet med intensjonsavtalen vore opptatt av at viktige tenester skal vera tilgjengelege for innbyggjarane i like stor grad som i dag. Avtalen er ikkje juridisk bindande, men forpliktar eit nytt kommunestyre moralsk etter ei folkeavstemming.

Kommunestyra i Hå, Klepp og Time har gjort vedtak om å føra «nabosamtalar» om ein intensjonsavtale for Jæren kommune. Intensjonsavtalen er utarbeidd av ei styringsgruppe med politisk representasjon frå dei tre kommunane. Etter vedtak i kommunestyra i februar 2016 vert avtalen lagt fram for rådgjevande folkerøysting 25. april 2016 i alle kommunane.

Kommunestyra kan gjera vedtak om å fremja søknad om samanslåing i juni 2016. Endeleg vedtak vert gjort av Kongen i statsråd i 2017. Ein tek sikte på å etablere nye Jæren kommune 1. januar 2019.

## 2. Mål for Jæren kommune

---

**Jæren kommune har ambisjon om å vera ein av dei beste kommunane  
å bu, leva og arbeida i.**

Jæren kommune skal ta opp i seg det beste frå kvar av dei eksisterande kommunane og utvikla dette vidare.

### **Styrka jordvern og landbruk**

Jæren kommune vert den største landbrukskommunen i landet. Landbruksnæring og jordvern skal styrkjast.

Dette vil me få til ved å halda fast ved arealet innanfor langsiktig grense for landbruk også etter år 2040. Dette vil vera grunnlaget for arbeidet med ny kommuneplan for Jæren kommune.

### **Betre planlegging og utnytting av areal**

Jæren kommune skal gje betre løysingar for senterutvikling, transport, bustadbygging og næringsliv.

Dette vil me gjera ved å planleggja areal og utbygging samla for heile Jæren.

### **Framoverlent og framtidsretta**

Jæren kommune vil ta ein posisjon som gjev politisk påverknadskraft både regionalt og nasjonalt.

Dette vil skje ved at kommunen med nær 60 000 innbyggjarar kan verta den 12. største kommunen i landet og den 3. største i Rogaland.

### **Gode og tilgjengelege tenester**

Jæren kommune skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å løysa framtidens utfordringar og ha høg kvalitet i tenestene.

Dette vil me gjera ved å skapa større og sterkare fagmiljø, som gjev betre grunnlag for rekruttering og kompetanseutvikling. Tenester skal samlast og spesialisert der det er føremålstenleg.

---

## **Sunn økonomi og ressursutnytting**

Jæren kommune skal ha solid økonomi med bærekraft og gode tenester.

Dette vil me gjera ved å satsa på effektive løysingar og bruka stordriftsfordelane til å styrkja tenestene.

## **Gode vilkår for kulturen og dei frivillige**

Jæren kommune skal ha eit variert kulturliv og leggja godt til rette for den viktige rolla dei frivillige har i lokalsamfunnet.

Dette vil me gjera ved å vidareutvikla kulturinstitusjonar og arrangement, og ved å styrkja rammevilkår for frivillige organisasjonar.

## **Ein attraktiv arbeidsgjevar**

Jæren kommune skal vera ein raus og inkluderande arbeidsgjevar som er framtidsretta og profesjonell.

Dette vil me gjera ved å satsa på gode prosessar, medverknad, innovasjon, omstilling og kompetanseutvikling.

## **Ein smart kommune**

Jæren kommune skal vera langt framme når det gjeld å utvikla og ta i bruk nye løysingar som styrkjer lokalsamfunnet og tenestene.

Dette vil me gjera ved å satsa på digitalisering og innovasjon i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og forskningsmiljø.

## 3. Namn, målform og kommunevåpen

---

### **Jæren kommune vert namnet på den nye kommunen.**

Jæren er namnet til det geografiske området dagens kommunar ligg i, og i seg sjølv ein sterk identitetsberar. Dei fleste innbyggjarane ser på seg sjølv som jærbruar og har minst like stor del av identiteten sin knytt til regionen Jæren som til kommunen dei bur i.

Hå kommune er språknøytral og Time og Klepp er nynorskkommunar. Kommunestyret i den nye kommunen må gjera vedtak om målform.

Jæren kommune må gjera vedtak om kommunevåpen, visjon og grafisk uttrykk.

## 4. Politisk styring

---

Jæren kommune skal ha formannskapsmodell med hovudutval og gjennomgåande representasjon. Etter kommunelova skal kommunar med over 50 000 innbyggjarar ha minst 35 representantar. I dag har dei tre kommunane til saman 91 representantar i kommunestyra.

Jæren kommune skal ha 49 representantar i kommunestyret for å oppnå god representasjon frå alle delar av den nye kommunen. Formannskapet skal ha 13 medlemmer. Hovudutvala skal ha 13 medlemmer.

Jæren kommune skal ha desse tre hovudutvala:

### **Utval for helse og velferd**

- Helsetenester, helsestasjonar, sjukepleie- og legetenester
- Hjelp i heimen, rehabilitering og omsorgstenester
- Sosiale tenester, NAV
- Folkehelse
- Psykisk helse og rusvern

### **Utval for kultur og oppvekst**

- Barnehagar, skular og vaksenopplæring
- PPT
- Barnevern
- Kultur, bibliotek og kulturskule
- Nærmiljø og friluftsliv
- Idrett, lag og organisasjonar

### **Utval for næring og samfunnsutvikling**

- Reguleringsplanar, byggjesaker og senterutvikling
- Kommunalteknisk infrastruktur og samferdsel
- Samfunnssikkerheit med brann og beredskap
- Miljøvern og klima
- Landbruk og andre næringssaker, her også reiseliv

### **Andre råd og utval**

- Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer
- Innbyggjarrådet med representantar for unge, eldre, innvandrarar og menneske med redusert funksjonsevne har 13 medlemmer
- Barn og unge sitt kommunestyre

---

## **Lokaldemokrati**

Jæren kommune skal vera ein open og tilgjengeleg kommune med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Kommunen vil leggja til rette for medverknadsprosessar med innbyggjarane. Alle dei tre kommunane har fått Europarådet si utmerking for godt lokalt styresett. Jæren kommune skal vidareutvikla lokaldemokratiet ut frå dei 12 prinsippa for godt lokaldemokrati.

Dette kan me få til ved å gjennomføra jamlege lokaldemokratiundersøkingar og følgja opp med tiltak styrkjer lokaldemokratiet.



## 5. Samfunnsutvikling

---

### **Areal og utbygging**

Jæren kommune vil få eit areal på 556 kvadratkilometer. Av dette er 268 kvadratkilometer dyrka mark. Til bustad- og næringsformål er det i gjeldande kommuneplanar sett av utbyggingsareal for mange år framover.

Samla arealplanlegging er grunnlaget for ein meir effektiv, bærekraftig og framtidsretta arealpolitikk på Jæren. Det skal takast omsyn til jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald.

Ved å sjå heile Jæren samla kan ein finna meir tenlege løysingar for utbygging og transport enn om ein ser kvar enkelt kommune for seg. Nokre stader er det press på å få byggja på høgverdig landbruksjord, for eksempel i Klepp. Andre stader finst det utmark som er mindre eigna til dyrking, men attraktiv til utbygging – for eksempel i sørlege deler av Hå.

I framtida vil Kvernaland-Orstad-Kalberg truleg få sterk vekst av både bustader og næring, og Stokkalandsmarka kan verta eit nytt bustadtyngdepunkt i sør. Ein kan få ei variert utbygging med frittliggjande einestader i for eksempel Stokkalandsmarka, og i hovudsak tettare utbygging i Bryne, Kleppe, Lye, Nærbø, Varhaug og Vigrestad.

### **Senterstruktur**

Bryne vert kommunesenter i Jæren kommune. Det skal elles leggjast til rette for vekst og senterutvikling basert på lokal identitet og utvikling av offentlege og private tenester og handel i alle nåverande tettstader også i den nye kommunen. Dette er i samsvar med ei stadfesting frå Rogaland fylkeskommune om at desse sentra etter Regionalplan for Jæren kan ha same status som i dag. Dette på grunnlag av sentra si geografiske plassering, befolkningsgrunnlag og avstanden til andre senter. Dette vert følgt opp overfor Rogaland fylkeskommune i det vidare arbeidet med Regionalplan for Jæren.

## Transport og kommunikasjon

I Jæren kommune er kollektivtransport eit viktig satsingsområde.

Jernbanen går gjennom heile den nye kommunen og er ei god og miljøvennleg hovudtransportåre for persontrafikk og ein viktig premiss i arealplanlegginga. Jærbanen vert endå viktigare når den vert bygd ut både i kapasitet og frekvens, mellom anna med etableringa av dobbeltspor til Egersund.

Fylkesvegane 44, 504 og 505 er sentrale vegar i den nye kommunen og må saman med resten av vegnettet tilpassast framtidig vekst og auke i biltransport. Trafikksikkerheit har høg prioritet, og ei satsing på gang- og sykkelveggar sikrar trygge skuleveggar, gjev god folkehelse og bidreg til betre klima og miljø.

## Næringsutvikling

Jæren kommune vil leggja til rette for eit variert næringsliv og tilby lokalisering både for arealkrevjande og arbeidsintensive verksemdar. Verksemdar med mange tilsette bør lokaliserast nær kollektivnettet slik at dei tilsette kan koma til og frå arbeid på ein miljøvennleg og effektiv måte.

Det er viktig å leggja til rette for sterke næringsklynger der ein kan samla kompetanse og arbeidskraft. Jæren har nokre slike klynger, og desse vil danna grunnlaget for vidare næringsutvikling i Jæren kommune.

Bybandet sør, Bryne sentrum, Håland industriområde, Kviamarka næringsområde og Sirevåg havn skal utviklast vidare som regionale næringsområde.

Jæren kommune skal ha ein viktig regional og nasjonal næringsposisjon innan:

- Jordbruk og matproduksjon
- Mekanisk industri
- Jæren som reisemål
- Kunnskapsbaserte næringar

## Samfunnstryggleik, klima og miljø

Jæren kommune skal vera ein trygg stad å bu for alle innbyggjarar. Kommunane sine risikoanalysar og beredskapsplanar vert samordna og reviderte ved etableringa av den nye kommunen. Det er gjort eit omfattande arbeid med miljø- og klimaplanar i alle dei tre kommunane. Ved etableringa av ein ny kommune må planane utviklast vidare med særskilt fokus på flaum og overvassproblematikk, alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebygga klimaendringar gjennom lokal handling.

## 6. Økonomi

---

Ein gjennomgang viser at disponeringane i drifts- og investeringsbudsjett er ulike, men at den totale økonomien i Hå, Klepp og Time er ganske lik. God, langsiktig økonomistyring, berekraftig ressursbruk og nøktern standard skal kjenneteikna Jæren kommune.

Sjølv om det ikkje er betre økonomi som er hovudargument for etableringa av Jæren kommune, er det forventa at det vil vera stordriftsfordelar av samanslåinga. Ein effektiviseringsgevinst vil verta brukt til å styrkja tenestene.

Sunn økonomi skal gje handlingsrom til å løysa nye utfordringar.

Satsar for eigendelar og gebyr vert like innanfor kommunen.

I forbindelse med overgangen til ny kommune får kommunar som slår seg saman i reformperioden før 2018 dekt eingongskostnader med eit standardbeløp rekna ut frå talet på kommunar og innbyggjarar i samanslåinga. Jæren kommune vil få 40 millionar kroner til omstilling, som vert utbetalt når nasjonalt vedtak om samanslåing er gjort. Staten har rekna at dette i stor grad vil dekkja kostnadene ved samanslåinga. I tillegg får alle samanslåtte kommunar ei reformstøtte ut frå talet på innbyggjarar. Denne støtta vil vera på 30 millionar kroner og vert utbetalt på tidspunktet for samanslåinga.

Dagens ordning med inndelingstilskott vert vidareført slik at Jæren kommune får behalda tilskottet som om den var tre kommunar i 15 år etter samanslåinga. Deretter vil inndelingstilskottet trappast ned over fem år.

# 7. Tenester

---

For å sikra gode tenester og bruka ressursane rett, er det viktig å halda på og styrka relevant kompetanse.

Den nye kommunen skal ha:

- Tilstrekkeleg kapasitet og dekningsgrad i alle tenester
- Sterke fagmiljø, god leiing og intern kontroll
- Barnehagar, skular, helse- og omsorgstenester nær innbyggjarane
- Effektiv tenesteproduksjon og servicefunksjonar spreidde i kommunen

## Barnehagar

Dei tre kommunane har i dag god kapasitet i talet på barnehageplassar, og det er eit mål å oppretthalda eit godt tilbod i heile den nye kommunen. Barnehageplanane i dei tre kommunane vert samordna og reviderte for å møta framtidige behov.

Den nye kommunen vil ha barnehagetilbod nær stadene der folk bur og arbeider.

I Jæren kommune vil alle med rett til plass få tilbod i ein av fem barnehagar dei sjølv prioriterer.

Det vert etablert eit nettverk for rekruttering, kompetanse og kvalitet i barnehagen etter modell av Jærskulen. Også private barnehagar vert inviterte til å delta i nettverket.

## Skular

Dei tre kommunane har i dag eit bredt samarbeid innanfor Jærskulen. Dette dannar grunnlaget for vidare satsing på kompetanse og kvalitet i skulane. Ingen skular skal leggjast ned som følgje av samanslåing av kommunane. Eksisterande skulebruksplanar vert samordna og reviderte når den nye kommunen vert etablert.

Kringsgrensene for skular som ligg nær dei gamle kommunegrensene bør truleg verta endra slik at ein kan nytta kapasiteten betre.

## Helse og omsorg

Jæren kommune skal ha god kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Dagens omsorgsnivå vert vidareført som prinsipp. Det vil derfor vera stor vekt på heimebaserte helse- og omsorgstenester med eit naturleg geografisk utgangspunkt. Det skal vera helsestasjonar, sjukeheimplassar og omsorgsbustader fleire stader i kommunen. Nokre tenester vert samlokaliserte og spesialiserte slik at verdien av samla kompetanse kjem innbyggjarane til gode. Demensomsorg og lindrande behandling er ei område der slik spesialisering kan vurderast. Spesialfunksjonar bør samlast for å sikra sterke fagmiljø med relevant kompetanse.

## **Kultur**

Dei tre kommunane har eit variert kulturliv med etablerte institusjonar, festivalar og arrangement. Nokre av institusjonane har regional og nasjonal rolle og status, som Nasjonalt Garborgsenter, Hå gamle prestegard og Jærmuseet sine institusjonar. Jæren kommune skal vidareutvikla mangfaldet og kvaliteten i kulturtilbodet og framstå som ein sterk kulturkommune.

## **Kulturskule**

Kulturskulen er viktig for generell kulturkunnskap og opplæring i estetiske fag og eit satsingsområde i Jæren kommune. Både kapasitet og kompetanse, breiddetilbodet og talentutvikling vert ivaretatt gjennom ei felles overordna organisering. Grunnleggjande kulturskuletilbod bør tilbys desentralisert, medan ei samordning og spesialisering av talentprogram, samspel og særskilte tilbod vil vera mogleg i ein større kommune.

## **Idrett og frivillige organisasjonar**

Idrett og frivillig verksemd er svært viktig for kommunen og lokalmiljøet. Ein ny kommune må ha som mål å gjera dei frivillige organisasjonane sine vilkår minst like gode som dei er i dag.

Jæren kommune skal sikra idrettslaga trygge kår, slik at dei kan rekruttera godt til frivillige verv og oppgåver, og skapa gode arenaer for innbyggjarane.

Tilskottsordningane for investering og drift når det gjeld idretts- og kulturanlegg er noko ulike i dei tre kommunane.

I Jæren kommune skal ordningane vera slik:

- Lag og organisasjonar skal i hovudsak eiga og driva anlegg og forsamlingslokale, med tilskott til investering og drift frå kommunen
- Investering i kultur- og idrettsanlegg skjer med 1/3 frå kommunen, 1/3 ved eigeninnsats frå laget og 1/3 spelemidlar
- Retningslinjer for tilskott vert utarbeidde av den nye kommunen etter modell av den beste ordninga blant dagens kommunar

Ved nye skulebygg skal det i hovudsak byggjast fleirbrukshall i staden for gymnastikksal, til bruk for lag og organisasjonar utanfor skuletid.

## **NAV**

NAV har ansvar for sosial-, arbeids- og trygdetenester for alle. Det bør vera NAV-tenester fleire stader i den nye kommunen.

## **Bibliotek**

Det er i dag eitt hovudbibliotek i kvar kommune. I tillegg har Hå kommune kombinerte folke- og skulebibliotek i krinsane. Biblioteka skal vera ein møteplass og arena for kultur og debatt, der det vert lagt til rette for fleire aktiviteter enn utlån av bøker.

Jæren kommune skal vidareutvikla biblioteka, sikra god tilgang til bibliotektenester og skapa møteplassar for innbyggjarane i heile kommunen.

## **Kyrkja**

Kommunane har eit økonomisk ansvar for drift og investeringar i Den Norske Kyrkja. Det er eit mål at kyrkja skal ha ei økonomisk utvikling tilsvarande tenestene i Jæren kommune.

Ved ei kommunesamanslåing vert dei tre kyrkjelege fellesråda slått saman til eitt.

## **Servicetorg**

Den nye kommunen skal ha eit høgt servicenivå og god dialog med brukarane i alle tenestene. Dei kommunale servicetenestene vert stadig meir digitale. Det vert servicetorg på Bryne, Kleppe og Varhaug der innbyggjarane får svar på spørsmål og rettleiing om kommunale tenester

## **Tekniske tenester**

Det er generelt god standard på kommunaltekniske anlegg i Klepp, Time og Hå. Å rekruttera og halda på medarbeidarar med rett fagkompetanse er utfordrande. VA-tenestene er løyste på ulike måtar i dei nåverande kommunane, der Time har sett ut desse tenestene til det interkommunale selskapet IVAR. Ein større kommune vil ha betre grunnlag for å løysa oppgåvene sjølv.

## **Bygg- og eigedomsforvaltning**

Kommunane eig store verdjar i form av tomtegrunn, bygningar og anna eigedom. I tillegg vil Jæren kommune vera ein stor utbyggjar i framtida. Dette krev rett kompetanse og god nok kapasitet. Med eit større fagmiljø kan den nye kommunen forvalta, drifta og utvikla eigedom effektivt og robust.

## **Spesialiserte funksjonar og tenester**

Nokre tenester og funksjonar har små og spesialiserte fagmiljø. Desse er for eksempel PPT, rus og psykiatri, barnevern, beredskap, arkiv, IKT, innkjøp, juridiske tenester, landbruk og areal- og samfunnsplanlegging. Dimensjonering, rekruttering, kompetanse og kapasitet i slike tenester og funksjonar er blant smådriftsulempene kommunane erfarer i dag. Jæren kommune vil få større fagmiljø og venteleg større stabilitet i slike funksjonar.

Dei tre kommunane har i dag ulike arkiv- og IKT-system. Desse må samordnast ved ei samanslåing av kommunane.

## 8. Jæren kommune som arbeidsgjevar

---

Medarbeidarane er ein viktig ressurs. Jæren kommune skal vera den mest attraktive arbeidsgjevaren i regionen. Kommunen skal vera raus og inkluderande og ha god dialog med medarbeidarane.

Jæren kommune vil bruka nødvendige verkemiddel for å sikra god rekruttering til stillingar i heile kommunen.

Jæren kommune skal ha ein handlekraftig og effektiv kommunal organisasjon, med god leiing, høg kompetanse og kvalitet i alle ledd. Nokre medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Gode prosessar skal sikra at alle tilsette vert høyrde og kan bidra til omstillinga.

Fellesnemnda (sjå kap. 10) bør inngå omstillingsavtale med dei tilsette sine organisasjonar. Denne avtalen kan omhandla sjølve endringsprosessen, partssamansette endringsorgan, frikjøp av tillitsvalde, spørsmål om løn og ein eventuell garanti mot å verta oppsagt.

## 9. Særskilte tema

---

### **Interkommunalt samarbeid**

Hå, Klepp og Time er involverte i ei rekkje interkommunale samarbeid. Dei fleste interkommunale samarbeid involverer fleire enn desse tre kommunane.

Det nye kommunestyret må gå gjennom det interkommunale samarbeidet og vurderer om nokre av desse oppgåvene bør løysast av kommunen sjølv.

### **Lyse AS, Klepp Energi AS og Jæren E-verk KF**

Alle dei tre kommunane har vesentlege eigardelar i Lyse AS (Hå 3,785%, Klepp 4,229% og Time 5,832%). Klepp kommune eig Klepp Energi AS. Jæren E-verk er eit kommunalt føretak i Hå.

Jæren kommune vil verta 3. største eigar i Lyse AS, med nær 14% eigardel. Klepp Energi AS og Jæren E-verk KF vert felleseige i den nye kommunen. Her må den nye Jæren kommune finna fram til ei god framtidig organisering.

Det nye kommunestyret tek stilling til vidare utvikling av selskapa. Både økonomi og tilbodet til innbyggjarane vil vera viktig i vurderinga.

### **Brannvesen**

Klepp og Time er eigarar i Rogaland brann og redning IKS. Hå kommune har sitt eige brannvesen.

Organiseringa av eit godt brannvesen vert ei viktig oppgåve for den nye kommunen, der eit eige Jæren brannvesen kan vera eit alternativ. Det må greiast ut nærare kva modell som kan møta framtidige utfordringar på dette området mest effektivt.

### **Legevakt og øyeblikkeleg hjelp**

Klepp og Time har felles legevakt lokalisert på Kleppe. Nattlegevakt er eit interkommunalt samarbeid mellom Sandnes, Gjesdal, Time og Klepp, lokalisert på Sandnes. Hå kommune har eiga legevakt på Bekkeheien, denne legevakta er også vakttelefon for kommunane for Dalanereigionen. Legevakta på Bekkeheien er samlokalisert med ambulansesentralen for Jæren.

Lokal legevakt fram til kl. 23.00 skal sikrast i Jæren kommune. Legevakt for ettermiddag og kveld på Bekkeheien og på Kleppe vert vidareført.



---

Interkommunalt tilbud for øyeblikkeleg hjelp for Sandnes, Gjesdal, Time og Klepp er lokalisert på Kleppe. Tilbudet vert flytta til Sandnes i 2017, og vert lokalisert saman med hovudbrannstasjon og legevakt. Hå kommune har tilbud om øyeblikkeleg hjelp på Hå sjukeheim i samarbeid med legekantoret på Nærbø og legevakta.

Tilbud om øyeblikkeleg hjelp vert vidareført som i dag.

### **Barnevernsvakt**

Alle dei tre kommunane er med i den interkommunale barnevernsvakta, lokalisert i Sandnes. Ordninga vert vidareført i Jæren kommune.

### **Revisjon**

Hå kommune er i dag med i Rogaland Revisjon IKS. Time og Klepp nyttar konkurranse om oppdraget.

Fellesnemnda vel revisor for si verksemd og for Jæren kommune sitt første driftsår.

# 10. Samanslåingsprosessen

---

Samanslåingsprosessen bør gjerast så effektiv og kortvarig som råd er, samtidig som ein skal ha gode og opne prosessar med grundig saksutgreiing, sterk politisk forankring i alle dei gamle kommunane og god dialog med innbyggjarar og tilsette.

Når departementet har gjort vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Jæren kommune skal ha 15 medlemmer med fem frå kvar kommune.

Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmer og tre representantar frå kvar kommune. Desse er utpeika av dei tilsette sine organisasjonar.

Ein tek sikte på at den nye kommunen blir etablert frå 1. januar 2019. Det vert vald nytt kommunestyre for Jæren kommune i 2018 på 51 medlemmer.

17 representantar vert valde av kvart av dei sitjande kommunestyra. Disse vert sitjande til ordinært kommune- og fylkestingsval 2019.

Dersom det ikkje let seg gjennomføra å etablere den nye kommunen i 2019, vert sammenslåing gjennomført pr. 1. januar 2020 med ordinært val hausten 2019.

Varhaug 21. januar 2016




Jonas Skrettingland  
Ordfører (KRF)  
Hå kommune



Ane Mari Braut Nese  
Ordfører (H)  
Klepp kommune



Reinert Kverneland  
Ordfører (H)  
Time kommune



Mons Skrettingland  
Varaordfører (H)  
Hå kommune



Torbjørn Hovland  
Varaordfører (KRF)  
Klepp kommune



Sverre Risa  
Varaordfører (KRF)  
Time kommune



Trond Knutsen  
Gruppeleiar (Nærbølista)  
Hå kommune



Arne Madland  
Gruppeleiar (FRP)  
Klepp kommune



Lars Enevoldsen  
Gruppeleiar (AP)  
Time kommune

### Vedlegg:

Oversikt over vedtak i kommunane

